



Bygland kommune  
Med hjarta i Bygland

# Kommuneplanprogram 2024-2028



Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2024-2036  
med planstrategi for Bygland kommune 2024-2028

Vedtatt 19.06.2024

# INNHALD

Ny samfunnsdel .....	3
Føringar for planarbeidet .....	6
Viktige utviklingstrekk i samfunnet vårt .....	9
Planprosess og medverknad .....	12
Forholdet til andre planar .....	14
Vedlegg .....	16

ALLE FOTO: HÅVARD SMELAND

# NY SAMFUNNSDEL

Den gjeldande samfunnsdelen for Bygland vart vedtatt i mai 2020. For å få ei betre kopling av samfunnsdelen til valperiodane og økonomi- og handlingsplanen, blir det lagt opp til at samfunnsdelen blir vedtatt første året av kommunestyreperioden. Arealdelen skal bygge på føringar i samfunnsdelen. Kommunestyret vil ta stilling til behovet for revisjon av arealdelen når samfunnsdelen er vedtatt eller under arbeidet med den. Det vil bli utarbeidd eit eiga planprogram for arealdelen.

Dette dokumentet utgjer kommunal planstrategi for 2024-2028 etter § 10-1 i plan- og bygningslova, og planprogram for samfunnsdelen eller §§ 4-1 og 11-13 i plan- og bygningslova.

## Dagens samfunnsdel

Det er fem hovudsatsingsområde i gjeldande samfunnsdel

- Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag
- Verdiskaping og berekraft
- Utdanning og kompetanse
- Kultur, idrett og friluftsliv
- Transport, kommunikasjon og samfunnstryggleik

I tillegg har planen tre gjennomgåande perspektiv som er tematisert innan kvart hovudsatsingsområde

- Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplassar
- Folkehelse, levekår, likestilling, inkludering og mangfald
- Klima og miljø

For hovudsatsingsområda er det samla vedtatt 20 mål og 91 prioriteringar (vegar til mål). Tiltaka som er skildra i gjeldande samfunnsdel kjem i tillegg til eventuell oppfølging gjennom økonomi- og handlingsplanen.

Dagens samfunnsdel er kortfatta og dekker dei fleste temaa på ein god måte. Nytt kunnskapsgrunnlag syner at det for nokre fagområde, vil vere nødvendig å vurdere oppdatering av planen. Erfaringar med den gjeldande samfunnsdelen er mellom anna at det manglar eit større fokus på helse, og at det er mange prioriteringar som skal bli følgd opp.

Hovudmål og arealstrategiar er langsiktige i den gjeldande samfunnsdelen, og går utover den fireårige valperioden. Det skal i arbeidet med den nye samfunnsdelen, tas stilling til om desse skal bli vidareført eller endra.

Gjeldande samfunnsdel har ein arealstrategi. Denne har blitt aktivt brukt i arbeidet med revidering av arealdelen. Erfaringane med bruken av arealstrategien er at nokre av punkta gjev lite retning og gjerne kunne ha vore meir konkretisert. I tillegg var det punkt som utfordrar ønska politikk som for eksempel nye bustadområde med avstand til sentrumsfunksjonar. Det kom inn mange innspel om massetak, og det kunne vi gjerne hatt ein strategi for. Arealstrategien vart brukt i konsekvensutgreiinga som argumentasjon for eller i mot endra arealbruk. Gode arealstrategiar som er vedtatt av politikarane, gjer det enklare å vurdere innspel om endra arealbruk.

## Retning for ny samfunnsdel

Målet med planarbeidet er å lage ein ny samfunnsdel som skal fungere som eit godt styringsverktøy for ei berekraftig og framtidretta utvikling av Bygland kommune, både som samfunn og som verksemd. Det er sett nokre retningar for prosessen og arbeidet med ny samfunnsdel:

- Samfunnsdelen har ei tydeleg kopling og samanheng med kommunen sin økonomi- og handlingsplan.
- Planbehov inngår i økonomi- og handlingsplanen og blir gjennomgått årleg og samtidig med prioriteringane i denne.
- Samfunnsdelen blir forankra blant politikarane og i verksemda i Bygland kommune.
- Samfunnsdelen svarer til eit gjennomarbeida kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete.
- Samfunnsdelen følgjer opp FN sine berekraftsmål.
- Samfunnsdelen er kortfatta og tydeleg med konkrete mål som gir retning for kommunen sine satsingsområde.
- Samfunnsdelen inneheld ein arealstrategi som skal løfte dei strategiske avklaringane om framtidig arealutvikling i kommunen.

Den nye samfunnsdelen vil bestå av to hovuddelar:

- Framtidsbilete med hovudmål (dei lange linene) for Bygland kommune.
- Prioriterte satsingsområde for valperioden.



KRAFT OG RETNING

## Aktuelle tema i arbeidet med arealstrategien

Arealstrategien viser koplinga mellom ønska samfunnsutvikling og arealbruk. Han skal bidra til å sikre ei heilskapleg og langsiktig forvaltning av areala i kommunen. Ein arealstrategi er langsiktige og overordna prinsipp for arealbruk, og seier meir om kva som skal bli gjort enn korleis det skal bli gjort. Dagens arealstrategi har blitt brukt i arbeidet med konsekvensutgreiing av innspel til endra arealbruk i kommuneplanen sin arealdel.

### Stadutvikling og stadidentitet

I Bygland skal vi bygge vidare på og forsterke dei enkelte stadane sin sær eigenheit og identitet, som arkitektur, natur-, kultur- og landskapsverdiar. Det er eit mål å oppretthalde og legge til rette for auka busetting i bygdene. Stadutvikling bør bli sett i samanheng med utbyggingsrekkefølge, og kor og korleis ein skal prioritere ei utbygging. Prinsipp om miljøvenleg transport, trygg skuleveg og tilgang på teknisk infrastruktur skal bli vektlagt.

### Tilpassa bustadutvikling

I Bygland ligg bustadane i stor grad spreidd utover i bygdelaga. Det er eit busettingsmønster som gir liv og aktivitet i bygdene langs fjorden og i liene. Prioritering av område med spreidd bustadbygging vil stimulere til positiv utvikling og styrking i desse områda.

### Utvikling av næringsareal

I forslaget til kommuneplanen sin arealdel som er under arbeid, er det foreslått ei utbygging av nye næringsareal. Ei satsing på næring i kommunen krev ein tydeleg plan, sidan det er mange forhold som må sjåast på samtidig. Utvikling av næringsareal går ofte i strid med andre viktige omsyn innan planlegginga. Næringsaktørar treng føreseielege løysingar og ein føreseieleg kommune. Utnytting av mineralressursar har eit stort potensiale, men det er viktig å ta omsyn til naturverdiar og miljø.

### Infrastruktur

Som eit grunnlag for all utvikling ligg behovet for infrastruktur. Vatn, avløp og tilgang på kraft er nødvendig. Kommunen har gjort eit betydeleg arbeid på vatn- og avløpssida med etablering av nytt reinseanlegg på Nesmoen, men det er framleis store behov også i framtida. Tilgang på kraft har i mange år blitt tatt for gitt, og det syner seg gjennom eit etterslep på utbygging og utvikling av kraftproduksjon. Ikkje berre er behovet meir energi, men det er også avgjerande med nett-tilgang og oppgradering av nettet for å få stabil og føreseieleg energi. Dagens kollektivtilbod er avgrensa. Forbetring av kollektivtilbod og etablering av fleire gang- og sykkelveggar er viktige fokusområde for folkehelse og klima.


# FØRINGAR FOR PLANARBEIDET

## FN sine berekraftsmål som grunnlag

I 2015 vedtok FN si generalforsamling 2030-agendaen for berekraftig utvikling. Agendaen har 17 utviklingsmål for å fremje sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan, blant anna for å sikre sosial rettferd og god helse og stanse tap av naturmangfald og klimaendringar. Måla skal vise veg mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt.

Berekraftig utvikling har tre dimensjonar: miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Ei berekraftig utvikling av samfunnet vårt må skje innanfor planeten sine tolegrensar. Vi må sikre at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv, og økonomisk tryggleik for alle.

Det tre dimensjonane er viktige føringar i arbeidet med den nye samfunnsdelen.



## Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2023-2027)

Forventingsdokumentet frå regjeringa har fem overordna perspektiv som det er forventa at kommunen følgjer opp i planarbeidet.

### Samordning og samarbeid i planlegginga som betyr

- Oppdaterte planar
- Effektive og involverande planprosessar
- Kunnskapsbasert planlegging, kompetanse og kvalitet
- God samordning mellom styresmaktene



### Trygge og inkluderande lokalsamfunn som betyr

- Levande byar, tettstader og bygder
- Nok og varierende bustader
- Gode fysiske rammer for kvardagslivet
- Natur- og kulturmiljø som ressurs
- Betre levekår og folkehelse
- Varierte møteplassar og tilbod



### Velferd og bærekraftig verdiskaping som betyr

- Legge til rette for grønne industrinæringar
- Tilgang på kompetanse, arbeidskraft og gode tenester
- God infrastruktur som grunnlag for verdiskaping
- Tilrettelegging for natur- og kulturbasert næringsliv
- Verdiskaping i ein sirkulær økonomi



### Klima, natur og miljø for framtida som betyr

- Heilskapleg planlegging for å nå klima- og miljømåla
- Forebygge klimautslepp og sikre moglegeita for karbonopptak
- Ta vare på naturmangfald, friluftsinteresser og kulturmiljø
- Reine og rike vatn og vassdrag



### Samfunnstryggleik og beredskap som betyr

- Naturfarar og klimatilpassing
- Forsvaret sine arealbehov
- Vern av dyrka jord
- Reint og trygt drikkevatt
- Risiko- og sårbarheitsanalyser som grunnlag for betre planar



Kommunal- og distriktsdepartementet er øvste planmynde på nasjonalt nivå. Regjeringa si heimeside har oversyn over [nasjonale føringar og planoppgåver](#).

[Nasjonale mål for vatn og helse](#) er ein tverrsektoriell gjennomføringsplan som gir forventingar til at kommunal samfunnsplanlegging tar i vare drikkevatt og omsyn til dette.

## Regionplan Agder 2030

Regionplan Agder 2030 er eit overordna strategisk styringsdokument for utviklinga av heile Agder. Planen skildrar dei viktigaste utfordringane og moglegheitene for landsdelen, eit ønska framtidsbilete for 2030 og kva som skal til for å nå konkrete mål.

Hovudmålet til planen er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk og berekraftig region i 2030 som inneber å

- bruke heile Agder, og sørge for at utviklinga kjem alle delar av Agder til gode.
- samarbeide om å nå FN sine berekraftsmål på regionalt og lokalt nivå.
- jobbe kunnskapsbasert og målretta for å forbetre levekåra gjennom langsiktig og heilskapleg levekårsatsing.
- redusere klimautslepp på Agder med minst 45% innan 2030.
- utnytte moglegheitene som digitalisering gir.

Fylkestinget har vedtatt ein enkel revisjon av Regionplan Agder 2030. Det kan gi endra føringar for regionen. Kommunane blir invitert til å kome med innspel til planarbeidet.

Agder fylkeskommune er regional planmynde. Fylkeskommunen si heimeside har oversyn over [regionale planar og strategiar](#).



**#vårtagder** er eit samlande omgrep for alle aktivitetane som inneber regional samhandling på tvers av sektorar og fagområde, og som bidrar til å nå måla i Regionplan Agder 2030, og styrke Agder sin posisjon nasjonalt. Det overordna målet er å betre levekåra og redusere klimagassutsleppa. #vårtagder er et verkemiddel for å styrke samhandlinga blant aktørar på Agder og stoltheita av å arbeide for Agder.

Agder fylkeskommune

# VIKTIGE UTVIKLINGSTREKK I SAMFUNNET VÅRT

På globalt og nasjonalt nivå møter storsamfunnet ei rekke «megatrender» som påvirkar måten vi lever, jobbar og tenkjer. Det er:

- *demografiske endringar* som påvirkar aldersberekvna i samfunnet
- *klima- og naturutfordringar* som påvirkar arealbruk, naturmangfald og beredskap
- *energiutfordringar* som påvirkar tilgang på kraft og straumprisar
- *sosial ulikskap* som påvirkar tilgang til og bruk av offentlege tenester
- *mindre økonomisk handlerom* som krev tøffare prioriteringar.

På lokalt nivå speglar desse trendane seg i form av utfordringar knytt til samlokalisering og leveranse av offentlege tenester, kompetanse og rekruttering, fleire eldre og eit behov for tilgjengelege bustader i sentrumsområda, næringsutvikling og tilgang på kraft og ein større del menneske med behov for komplekse helsetenester. Alle utfordringane påvirkar korleis ein skal prioritere i økonomi- og handlingsplan, og handlingsrommet til andre satsingar eller ønska prosjekt.

Kommunen sin økonomi og evne til å løyse oppgåver i samspel med lokalsamfunnet, nabokommunar og mynde er ein viktig del av ei berekraftig utvikling for Bygland. Som grunnlag for ein politisk debatt om kommunen sine satsingsområde i samfunnsdelen, er det laga ei kortfatta samanstilling og situasjonsbeskriving av viktige utviklingstrekk for Byglandssamfunnet. Samanstillinga er basert på kommunen sitt kunnskapsgrunnlag. Det kan være ulike syn på kva som er viktige utviklingstrekk. Innspel frå befolkning, næringsliv, organisasjonar og andre mynde skal bidra til å gi eit godt bilete. Det er derfor dette dokumentet blir lagt ut til høyring og offentlig ettersyn.



FORTID OG FRAMTID

## Bustader og hushaldningar

Det har vore ein jamn nedgang i innbyggartalet i kommunen dei siste 20 åra. Busetting av flyktningar har gitt positiv utvikling i periodar.

Det er ein stor del av hushaldningane i Bygland som består av åleinebuande eller par utan heimebuande barn. Dette speglar at kommunen har ein aldrande befolkning og at det er få born i kommunen. Saman med overvekt av einestader og spreidd busetting, kan dette vere noko av årsaka til at ein relativt stor del kjenner på einsemd.

Det er mange hus utan folkeregistrerte busette i kommunen. Det kan ha ein negativ påverknad på grendelaga ved at bidrag inn i lokalmiljøet bli redusert og eit mogleg manglande vedlikehald. Det kan også verke negativt inn på bustadmarknaden at desse husa ikkje er tilgjengelege for dei som ønskjer å flytte til.

## Oppvekst- og levekårsforhold

Delen barn i låginntektshushaldningar aukar og er høgare i Bygland enn landsgjennomsnittet. Samanlikna med andre barn skårar dei i gjennomsnitt lågare på indikatorar for fysisk og psykisk helse. Barnehagedeltakinga er lågare for denne gruppa og dei deltar i mindre grad i fritidsaktivitetar. Dei gjer det dårlegare på skulen, færre fullfører vidaregåande skule og færre tar universitetsutdanning.

Fullført og bestått vidaregåande opplæring er ein av dei viktigaste føresetnadane for å delta i arbeids- og samfunnslivet og for å unngå utanforskap både i dagens og i framtidens samfunn. Utdanning og kvalifisering er også en viktig faktor for integrering.

Å sikre at alle barn og unge veks opp med like moglegheiter vil vere eit viktig innsatsområde for å redusere sosial ulikskap.

## Helse

Heile 87% av sjukdomsbyrda vår består av ikkje smittsame sjukdommar. Eksempel er demens, dei flest krefttypane, diabetes og hjarte-karsjukdommar. I stor grad er det dei same risikofaktorane som ligg bak, og dei viktigaste faktorane er ernæring, tobakk, inaktivitet og alkohol. Det betyr at førebygging av demens, kreft og hjartefarkt handlar om mange av dei same tiltaka.

I Agder har Bygland lågast forventa levealder for kvinner med 80,1 år. Forventa levealder for menn er 79,7 år, som er det same som i Agder. Forventa levealder har auka for begge kjønn dei siste 20 åra.

Ein av de store folkehelseutfordringane er sosial ulikskap i helse, og dette gjeld også for Bygland. Det er systematiske ulikskapar i helse mellom ulike grupper knytt til utdanning og inntekt i befolkninga. Grupper med høgare inntekt og utdanning har betre helse enn grupper med lågare inntekt og utdanning. Det er viktig med kunnskap om dei sosiale ulikskapane og korleis helseutfall knytt til desse fordelar seg i grupper i befolkninga. Desse sosiale ulikskapane er det mogleg å gjere noko med. Befolkningsretta strategiar og tiltak kan bidra til å bryte negative sosiale mønstre knytt til ulikskapane.

## Næringsliv og kompetanse

Bygland har hatt ei forvitring over tid innan næringslivet. Bedriftene gir folk jobb. Dei gir oss nye løysingar og gir fellesskapet skatteinntekter som finansierer velferdssamfunnet vårt. Dei store som små – butikken, hotellet, bonden og snekkaren – er alle saman viktige i kvardagen, og for å utvikle lokalsamfunnet.

Bygland er den kommunen i Noreg som har hatt størst nedgang i talet på sysselsette dei siste 20 åra. Verksemdar har behov for kompetent arbeidskraft for å utføre ulike typar arbeidsoppgåver. For verksemdar som rekrutterer nyutdanna arbeidskraft, står utdanninga sin kvalitet og relevans sentralt. Kommunen og verksemdar opplever mangel på arbeidskraft. Med færre i yrkesaktiv alder vil konkurransen om arbeidskrafta bli enda hardare.

Små fagmiljø gjer kommunen sårbar. Attraktive fagmiljø for personar med høgare utdanning kan bidra til at ein klarer å rekruttere og behalde dei.

## Klima og miljø

Klimaendringane går raskare enn vi klarer å tilpasse oss effektane. Etterslepet i for eksempel handtering av overvatn, flaum- og skredsikring er stort. Omtrent 25% av kommunen sitt areal er rørt av potensiell naturfare.

Regionplan Agder 2030 seier at klimagassutsleppa skal bli redusert med 45% innan 2030. Bygland står for under 1% av Agder sine klimautslepp. Dei største bidraga kjem frå vegtrafikk og jordbruk. Utslepp pr person er likevel like høge i Bygland som for resten av Agder. Arealbruksendringar er ein sentral årsak til klimagassutslepp og tap av naturmangfald, sjølv om utbyggingspresset er avgrensa. Det er gjort grep i arbeidet med ny arealdel ved å ta ut utbyggingsområde i heieområda. Ei bevisst haldning til arealbruk er viktig i vidare plan- og utviklingsarbeid.

Bygland kommune har spreidd busetting og lange avstandar. Vi er avhengige av å kunne nytte bilen som framkomstmiddel. Kollektivtilbodet er avgrensa på grunn av lite passasjergrunnlag. Klimaendringane påverkar samfunnet på så mange område. Det er mogleg å nytte bevisstgjeringa til å tenkje nytt og moglegvis betre i bruk av ressursar og i tilrettelegginga av drift og utvikling.

## Økonomisk berekraft

Norsk økonomi, inkludert kommunesektoren vil stå i en skvis mellom redusert inntektsvekst, lågare finansieringsbidrag frå oljefondet og høgare vekst i behova. Dette dreier seg om fleire eldre, færre yngre, klimakrise, naturkrise og nå i det siste auka vekt på sikkerheit, sjølvberging og forsvar.

Med det kostnadsnivået kommunen har no, er kommunen veldig sårbar for reduksjon i straumprisen, for då vil kraftinntektene bli redusert. Desse inntektene svingar til dels mykje når straumprisen er variabel, og når dei er på sitt lågaste er ikkje kommunen sin økonomi berekraftig.

Framover vil kommunane oppleve auka kostnadsvekst som følge av at delen eldre i befolkninga, aukar. Behova innanfor helse- og omsorgstenesta vil auke markant, samtidig som delen innbyggjarar i yrkesaktiv alder går ned.

Kommunen si bygg- og anleggsmasse har eit etterslep på vedlikehald. I tillegg er byggeprosjekt og investeringar i heilt nødvendig infrastruktur, ein krevjande kostnad for kommunen. Kommunen har høge driftsutgifter, og det er lagt inn målretta ENØK-tiltak i investeringsbudsjettet for perioden.

## Større krav til kommunen sitt tenestetilbod

Innbyggjarane sine forventningar til kommunale tenester endrar seg. Kommune 3.0 som legg vekt på samarbeid mellom offentleg og frivillig sektor, framstår som idealet for tenesteproduksjonen i framtida. Frivillig innsats er i dag sentralt for barn og unge si organiserte fritid og kulturlivet og i mindre grad innan helse- og omsorgstenestene. Men frivillig innsats vil bli eit stadig viktigare innsatsområde, for at dei mange fleire eldre skal ha ein trygg, aktiv og verdig alderdom.

Sidan år 2000 har det vore ein tydeleg vekst i det interkommunale samarbeidet. Veksten gjeld særleg for tenesteproduksjon innan helse- og sosialsektoren og i mindre grad utviklingsoppgåver som samfunns- og arealplanlegging.

Fleire av dei nye grøne næringane krev store areal, og vil ha samfunns- og miljømessige konsekvensar som overskrider kommunegrenser. Det kan gjere det vanskeleg å ta heilskaplege omsyn. Det kan auke forventningane til at kommunane i høgare grad ser behov og vurderer løysingar på tvers av kommunegrenser.

# PLANPROSESS OG MEDVERKNAD

I arbeidet med samfunnsdelen vil kommunestyret ta stilling til om dei lange linene for Byglandssamfunnet skal bli vidareført eller bli endra (mål og prioriteringar), og prioritere satsingsområde for valperioden fram til 2028.

Samfunnsdelen er overordna. Mange vil etterlyse tiltak i samfunnsdelen, men det er viktig å vere klar over at samfunnsdelen ikkje skal utvikle tiltak. Den skal gi retning og fastsette satsingsområde som skal gis særleg prioritet i valperioden. Meir konkrete mål og tiltak blir utvikla i temaplanar og i økonomi- og handlingsdelen.

Planprosessen for samfunnsdelen er delt inn i tre fasar:

1. Ei innleiande fase der det blir lagt vekt på samhandling mellom administrasjonen og politisk nivå om viktige utviklingstrekk og utfordringar.
2. Ei utviklingsfase der kommunestyret diskuterer seg fram til forslag til ny samfunnsdel som kan leggest ut til offentleg debatt og høyring. Dette arbeidet er ein viktig del av den rolla kommunestyret er tildelt som planmynde etter plan- og bygningslova.
3. Ein debattfase med høyring og offentleg ettersyn av forslag til ny samfunnsdel. Kommunen vil legge til rette for brei debatt med næringsliv og lag og organisasjonar. Etter debattfasen vil innspel frå høyringa bli behandla og lagt fram til endeleg behandling av samfunnsdelen i kommunestyret.


Framdrift i planarbeidet		Tidsperspektiv
Fase 1	Politisk sak om oppstart av planprosess	Oktober 2023
	Utarbeiding av kommuneplanprogram	Desember 2023 – Februar 2024
	Politisk sak kommuneplanprogram	Februar 2024
	Høyring kommuneplanprogram	Mars – April 2024
	Drøfting, dialog og politisk verkstad 1	Mars 2024
	Sluttbehandling kommuneplanprogram	Mai 2024
Fase 2	Drøfting, dialog og politisk verkstad 2	April 2024
	Bearbeiding av innspel, drøftingar med styringsgruppa	Mai - juni 2024
	Utarbeiding av samfunnsdelen	April – September 2024
Fase 3	Politisk sak om samfunnsdelen	Oktober 2024
	Høyring samfunnsdelen	Oktober – November 2024
	Sluttbehandling samfunnsdelen	Desember 2024

## Organisering av planarbeidet

Arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel er politisk forankra i formannskapet. Undervegs i arbeidet vil andre råd og utval bli involvert. Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak av kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunal planstrategi.

Administrativt er arbeidet forankra i kommunedirektøren si leiargruppe. Kommunedirektøren er ansvarleg for prosessen og gjennomføringa av planarbeidet, medan prosjektleiarrolla er plassert i samfunnsavdelinga med støtte frå fagmiljøa i dei ulike kommunalområda. Utdringsbilete er presentert for leiargruppa og tillitsvalde, og det blir arbeidd med korleis det skal bli framstilt på ein nyansert og korrekt måte.

Planprosessen krev at administrasjonen er godt førebudd, har nok ressursar tilgjengeleg og har kapasitet til oppfølging på dei ulike leiarnivåa. Det er mellom anna lagt opp til ei auka samordning mot arbeidet med økonomi- og handlingsplanen. Planprosessen krev også ei aktiv politisk deltaking og medverknad frå folkevalde.



BYGLANDSFJORDEN

# FORHOLDET TIL ANDRE PLANAR

Strategiar og temaplanar for ulike samfunnstema er underordna kommuneplanen sin samfunnsdel. I desse planane er det detaljerte strategiar, mål og tiltak. Strategiar og temaplanar er eit bindeledd mellom samfunnsdelen og økonomiplanen, spesielt når dei omhandlar satsingsområde i samfunnsdelen.

Når kommunestyret har vedtatt ein ny samfunnsdel, skal det bli gjort ei vurdering om dei nye satsingsområda kan bli følgd opp med tiltak i handlingsdelen, eller om det er behov for nye eller endra strategiar eller temaplanar. Dette blir gjort som ein del av det årlege arbeidet med økonomi- og handlingsplanen.

## Tematisk samfunnsplanlegging

Det er viktig å ha klare definisjonar for å kunne ha system og effektivitet i samfunnsplanlegginga på tema- og verksemdsnivå. Ein meir eintydig definisjon av plantypar kan gi meir effektivitet i planprosessar og lette diskusjonane omkring kva slags planverktøy som er det mest nyttige for å løyse den aktuelle utfordringa.

Følgjande definisjonar blir lagt til grunn for tematisk samfunnsplanlegging:

**Strategi** skil seg frå plan ved at den ikkje har tiltak. Strategiane vil normalt vere meir overordna enn temaplanar fordi dei ikkje utviklar tiltak, og skal vise retning for ønskte utvikling.

**Temaplan** er det mest omfattande planverktøyet og skal både ha mål og tiltak, og kan ha strategiar og/eller satsingsområde. Temaplan vil gjennom definerte tiltak ha meir direkte økonomiske konsekvensar enn strategiane.

**Handlingsplan** er definert som ein plan som berre omhandlar tiltak for oppfølging av ein vedteke strategi eller plan, eller delar av desse. Eller det kan gjelde oppfølging av samfunnsområde der utfordringar og mål er klarlagde gjennom politiske vedtak eller andre overordna føringar, f.eks. kommuneplanen sin samfunnsdel eller delar av denne. Handlingsplanar vil derfor i hovudsak bli vedteke av hovudutval eller formannskap.

Strategi	Temaplan	Handlingsplan
<ul style="list-style-type: none"><li>• Klart formål</li><li>• Skildring av utfordring</li><li>• Satsingsområde, vegval, strategiar</li><li>• Ikkje tiltak</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Klart formål</li><li>• Skildring av utfordring</li><li>• Mål</li><li>• Kan ha strategiar eller satsingsområde</li><li>• Tiltak</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Tiltak for oppfølging av strategiar, planar og politiske vedtak</li></ul>

**Retningslinjer** er anbefalingar for praksis som gjev støtte til avgjerder, og dei skal vere basert på beste tilgjengelege kunnskap.

**Rutinar** beskriv oppgåver eller aktivitetar i ein prosess. Beskrivinga inneheld formål, omfang, ansvar, beskriving av aktiviteten samt eventuelle fristar.

## Planoversikt

Vedtekne og gjeldande temaplanar og styringsdokument.

Styringsdokument	Status	
	Vedteke	Gjeld til
<b>Attraktive og livskraftige sentra og bygdela</b>		
Strategisk informasjonsplan	2017	-
Digitaliseringsstrategi Setesdal	2019	2025
Bustadsosial handlingsplan	2011	2020
Plan for habilitering og rehabilitering	2019	2020
Interkommunal ruspolitisk handlingsplan	2020	2023
Alkoholpolitiske retningslinjer i Setesdal	2020	2024
Omdømmestrategi	2023	
Retningslinjer for skilting av kommunale bygningar	2023	
<b>Verdiskaping og berekraft</b>		
Klima og energiplan	2011	2022
<b>Utdanning og kompetanse</b>		
Personal- og organisasjonsplan	2016	2020
Kommunal plan for førebyggjande arbeid blant barn og unge	2022	
Handlingsplan for eit trygt og godt skule- og barnehagemiljø	2023	
<b>Kultur-, idrett og friluftsliv</b>		
Temaplan for kulturminne	2020	2032
Plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og kulturanlegg	2022	2025
<b>Transport, kommunikasjon og samfunnstryggleik</b>		
Trafikksikringsplan	2005	
Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova	2023	
Hovudplan for vatn og avløp	2024	2030
<b>Beredskapsdokument</b>		
Plan for kriseleiing	2023	

# VEDLEGG

## Innspel frå dei politiske partia

I samband med ny samhandling om kommuneplanen sin samfunnsdel der målsettinga er å styrke samfunnsdelen som politisk styringsverktøy, så vart dei politiske partia bedt om å kome med innspel til følgjande:

*Sett opp mot utfordringsbilete og bakgrunn:*

- *Er det behov for revisjon av samfunnsdelen?*
- *Kva for satsingsområde skal bli prioritert i perioden?*

Senterpartiet, Høgre og Arbeidarpartiet kom med innspel og desse ligg vedlagt.

**Vedlegg 1** Innspel frå Senterpartiet

**Vedlegg 2** Innspel frå Arbeidarpartiet

**Vedlegg 3** Innspel frå Høgre